

HEIDERSPRIS – FØRDE IL



KJETIL BJØRSET 2019

Kjetil Bjørset f. 1956 har vore styreleiar ved Langeland Skisenter samanhengande sidan 1995, og skal bl.a ha mykje av æra for at Langeland vart kåra til «årets anlegg» av Norges Skiforbund i høve opninga av rulleskianlegget i 2017. Kjetil hadde også fleire verv i Sogn og Fjordane skikrins gjennom 25 år, og var også leiar for Førde IL Skigruppa på midten av 90-tallet. Førde IL vil også berømme Kjetil sin medverknad til å sikre startkapital for utbygginga av Hafstadparken.

Langeland Ski- og Fritidssenter

1995 – d.d Styreleiar. Anlegget har blitt utvikla med nytt løypenett, utvida parkeringsareal, utvida snøproduksjon, nytt stadion, nye stadionhus og ikkje minst eit moderne rulleskianlegg på 3,3 km som sikrar heilårsdrift.

Førde IL Skigruppa

1993 – 1995 Leiar for skigruppa, som var ein fellesorganisasjon for langrenn, alpint og hopp.

Sogn og Fjordane Skikrins

1982-2007 Styremedlem, revisor, leiar av langrennskomiteen 2002 - 2007.

Øvrig: Speaker på Førde IL langrenn sine renn i fleire år, har gjennomført TD-kurs og leiarkurs i regi av NSF. Var sjølv aktiv langrennsløpar tidlegare, og går framleis «Birken» kvart år.

Førde den 15.03.2019



Tor Starheim
Styreleiar Førde IL